

Grannar

grannar.no

MÅNDAG
12. APRIL 2021

Nr. 26 - Årgang 49
Laussal kr. 30



Den store
folkevandringa



Åtte av ti utflytta kjem ikkje tilbake til kommunen



Han er frå Åmsosen, ho er frå Lofoten. Pandemi og heimekontor førte Tore og Sandra Skogen til Vats i fjor med fast adresse i det som var fritidsbustad. Framover blir det pendling til Forus nokre dagar i veka.

FOTO: JON EDVARDSEN

7090035400015

Når folk flyttar frå Etne og Vindafjord, reiser ganske mange temmeleg kort. Det er stor utveksling i flytting på Haugalandet. Med utgangspunkt i dei som budde i

Vindafjord i 2006, har 24 prosent av dei flytta ut til ein annan kommune fram til i fjor. Og 80 prosent av desse har ikkje vendt tilbake.

SIDE 6-10

FULLDISTRIBUSJON
TORSDAG 29. APRIL

OPPLAG 7.000

Grannar

Bestill annonse:
www.grannar.no
53 77 11 00

Denne saka er ein del av «Den store folkevandringa», eit samarbeidsprosjekt mellom lokalaviser organisert i Landslaget for lokalaviser (LLA), Senter for under-søkende journalistikk (SUJO) og NRK.



Fann kjærleiken i ein annan kommune

Folk vandrar mykje på tvers på Haugalandet. Ann Helen Høyvik (31) har flytta frå Karmøy til Øvre Vats det siste året. Som for ikkje så få andre, er det kjærleik som får ho til å flytte på seg.

JON EDVARDSEN

Jobb, studiar, familie og kjærleik er sentrale årsaker til å flytte på seg og velje kor du vil slå seg ned. Gjerne i kombinasjon.

Grannar presenterer i dag ein oversikt laga av Statistisk sentralbyrå over kvar folk har flytta til og frå i Etne og Vindafjord i perioden 2000-2019.

Den aller største innflyttinga skjer frå utlandet, men den geografiske vandringa handlar i stor grad om Haugalandet, og Vestlandet generelt med fylkeshovudstadene Bergen og Stavanger for dei to kommunane. I sum er det ei historie om flyttetap. Med eitt stort unntak.

Vats lokka

Ann Helen Høyvik flytta frå fastland-Karmøy til Vindafjord på ettersommaren i fjor. Dei siste 20 åra har 346 personar pakka flyttelasset på Karmøy og sett kurset mot Vindafjord. Tilsvarande har 381 sagt farvel til Vindafjord og slått seg ned i øy-kommunen i vest. Også Etne har eit lite flyttetap til Karmøy.

Høyvik var etablert med leilegheit på Kolnes før ho bestemte seg for å skifte bustadadresse.

— Eg flytta fordi sambuaren bur i Vats og har jobben sin der. Så enkelt er det. Eg hadde neppe kome på det sjølv utan at vi var saman. Eg har jobben min på Karmøy, og no pendlar eg kvar dag, fortel ho.

Det betyr opp til 40 minutt kvar veg i bil til jobben hos gjenvinningsselskapet Stena Recykling AS ikkje så langt frå Karmsund bru.

I Øvre Vats har ho armslag rundt seg og skal dyrke interessa for blomster og planter når andre ting på tomta er unntagjort der ein garasje er under bygging.

Huset ligg fritt til mellom landbrukseigedommar.

Lett å få kontakt

— Eg har inntrykk av at folk er hyggelege og lett å kome i kontakt med. Eg har ikkje ungar, og det er sikkert endå lettare å bli kjent med folk i ei bygd når ein har barn. Ungar får eg håpe kjem etter kvart, seier ho.

Høyvik har fagbrev som gjenvinningsoperatør, og i tillegg for kontor og administrasjon. Ho har ingen

konkrete planar om å skifte jobb for å få kortare veg mellom heim og arbeid.

— Det har eg ikkje vurdert og vi får sjå kva som skjer. Det går fint å pendle også. Er ein etablert med barn som skal i barnehage eller på skule, så er det annleis og meir krevjande med å kombinere med lang reiseveg til jobb, påpeikar ho.

I fjor var det 1.349 personar i Vindafjord som pendla til ein jobb i ein annan kommune. Tilsvarande var det 757 personar i Etne som kryssa kommunegrensa på veg til jobb.

— Er det noko du saknar samanlikna med å bu på Karmøy?

— Det er lettare å vere nærmare ein del tilbod, men det går an å planleggje. Dessutan er det ikkje så stor avstand til Ølen om ein treng noko der, seier ho.

Planleggje litt meir

Den nyinnflytta vatsbuen ser fram til den dagen Vindafjordhallen kjem opp igjen.

— Det blir kjekt å svømme og trenre der i eit nytt baseng. Eg set pris på å ha fjell og turområde rett ut forbi døra her. På Karmøy må du planleggje meir for å kome på fjellet, og du er avhengig av å køyre i bil, seier ho.

For vatsbygda er det kjærkome med tilflytting etter fleire år med nedgang i folketalet etter 2014 som var toppen etter ein vekstperiode.

Høyvik fortel at ho har budd på Karmøy heile livet, og litt i Tysvær. Skulegangen på vidaregåande var i Haugesund.

— Eg kan forstå at unge flyttar til byen i ein periode for å ha tilboda som er der, blant anna uteliv. Men blir ein etablert med familie, trur eg fleire vel å flytte ut igjen, seier ho.

Tidsskifte i EU

Den desidert største tilflytting til Etne og Vindafjord er frå utlandet i dei siste 20 åra før 2020. Det handlar først og fremst om arbeidsinnvandrarar, men også asylsøkjarar og flyktningar.

Utlandet bidrar med ein pluss på 437 personar i 20-årsperioden der Vindafjord totalt sett han vekst i



Ein sambuar frå Øvre Vats er grunnen til at Ann Helen Høyvik frå Karmøy tok med seg flyttelasset til Vindafjord i fjor haust. Ho set også pris på å kome endå nærmare fjell og natur, og tar pendling til jobb med på kjøpet.

FOTO: JON EDVARDSEN

folketalet med 1.034 personar i den same perioden.

Det er nesten tre gonger så mange som har flytta frå utlandet til Vindafjord, enn frå utlandet til Etne. Utvidinga av EU med fleire land i Aust-Europa ført til at mange kom på flyttfot for å skaffe seg arbeid i andre land med behov for arbeidskraft. Det vart skapt ein tradisjon med arbeidskraft som var ny, i alle fall i Noreg gjennom EØS. Forløparen var muren som fall i Berlin i 1989.

Ser ein på utlandet som ein stor sekk og legg til dei kommunane som flest flyttar mellom i Etne og Vindafjord, går flyttereknescapen i minus for begge kommunane sin del. Med andre ord er det fleire som flyttar til desse kommunane, enn omvendt.

Vindafjord, Etne sin favoritt

Kanskje var det litt sant, kanskje var det mest ein myte at Etne og Ølen har vore som hund og katt. Etter at kommunegrensa på Fikse fekk eit nytt namn i vest med den samanslattede kommunen Vindafjord, er den påståtte kiven forsvunne som dogg for sola.

Flyttetala tydar langt frå at innbyggjarane i dei to kommunene ikkje vil ha noko med kvarandre å gjøre. Det er 868 flyttingar mellom dei to kommunane i løpet av denne perioden på 2000-talet.

Og å flytte til Vindafjord er det etnebuen gjer mest av og nabokommunen er flyttfavoritten for Etne. I alt 448 tok dette valet. Det går nesten like mange den andre vegen, men Etne er likevel litt lengre ned på vindafjordingane si prioriteringsliste, enn omvendt.

Eg flytta fordi sambuaren bur i Vats og har jobben sin der. Så enkelt er det

ANN HELEN HØYVIK



Fleire kjem tilbake frå Stavanger enn Tysvær

Færre enn éin av fem som flyttar ut av Vindafjord, kjem tilbake på eit seinare tidspunkt. Og det er ganske mange som flyttar ut.

Tala for flytting mellom kommunar (sjå grafikk) viser kor mange som har vandra mellom dei i perioden 2000-2019. Men dei fortel lite om kor mange som kjem tilbake, av dei som flyttar ut. Heller ikkje om dei blir verande i den kommunen dei flyttar til. Statistisk sentralbyrå har laga ein oversikt for Grannar med utgangspunkt i dei som budde i Vindafjord per 1. januar 2006. Det gir eit bilde av flyttinga til dei som budde i kommunen på akkurat dette tidspunktet. Kvar vart dei av i det ein kan kalle årgang 2006?

Mange flyttar kort

Forholdsvis mange av flyttingane går over korte avstandar, der ein til dels kan behalde jobb og omgangskrets sjølv om ein flyttar. Den generelle trenden er likevel at fleire flytta frå utkanten til meir sentrale strøk, enn omvendt, seier seniorrådgivar Even Høydahl i Statistisk sentralbyrå.

Inkludert dei som flytta tilbake til Vindafjord, er det vel halvparten som ikkje flytta så langt.

Fjerdeparten flytta

På det tidspunktet var kommunesamanslåing mellom Ølen og Vindafjord eit faktum, og 8.119 personar var registrert busette i kommunen i 2006. Ved inngangen til 2020 hadde 1.950 av desse personane flytta ut.

I alt 24 prosent av dei som budde i Vindafjord akkurat dette året, har dermed flytta ut av kommunen i løpet av 14 år.

Her budde flest av dei utflytta av årgangen 2006 i Vindafjord ved inngangen til 2020.

Anten direkte eller via andre kommunar:

- Haugesund 264
- Tysvær 176
- Stavanger 154
- Bergen 115
- Karmøy 99
- Etne 99

Nokon kjem tilbake





I alt 346 av dei 1.950 som reiste ut, kom tilbake. Det tilsvarar 18 prosent av dei som flytta ut.

Hér kjem flest frå av årgangen 2006 som flytta tilbake til Vindafjord:

- Haugesund 70
- Stavanger 49
- Tysvær 32
- Etne 32
- Bergen 25
- Karmøy 16

Ut frå dette tidsbildet er det minst sjanse for at personar kjem tilbake til Vindafjord dersom dei har flytta til Karmøy og Tysvær. Og størst sjanse dersom dei har flytta til Stavanger eller Haugesund.

■ 80 prosent kjem ikkje tilbake



KJELDE: SSB

Denne saka er ein del av «Den store folkevandringa», eit samarbeidsprosjekt mellom lokalaviser organisert i Landslaget for lokalaviser (LLA), Senter for underøkende journalistikk (SUJO) og NRK.



Etter Oslo vart det by på Vestlandet

Haugesund har hatt tiltrekkingsskraft på nabokommunar. Bjarte Hvidsten (47) frå Ølen og Iren Hvidsten (46) frå Etne bestemte seg for at det måtte bli by då dei bytte ut Oslo med Vestlandet.

JON EDVARDSEN

Og loddet fall på Haugesund. Det er nokre år sidan, og i 2006 tok dei flyttelasset med seg vestover. I den middels store byen etter gammal standard, før alle kunne bli by, der vil dei bli.

Ekteparet si flyttheistorie viser mobiliteten, mange flyttar ikkje berre éin gong, men ofte fleire gonger før ein landar.

By var alternativet

Unge har godt av å lufte seg, prøve ut andre ting, ta utdanning og kjenne på arbeidslivet, før dei vender tilbake, blir det sagt

Det er eit håp både politikarar, bygder og næringsliv har. Men slik er det ofte ikkje for bygde-Noreg. Eksport av ungdom er eit faktum, og den såkalla flyttenettoen mot byar mange reiser til, er i minus for Etne og Vindafjord sin del over tid.

Ekteparet Hvidsten kom saman då dei begge gjekk på Ølen videregåande skule for ganske mange år sidan.

— Etter sju år i Oslo ville vi flytte vestover for å kome nærmare familien. Vi vurderte å flytte heim, men det var ikkje noko alternativ. Vi ville til og frå Haugesund er det kort veg heim til Ølen og Etne, seier Iren Hvidsten.

Med to aktive tenåringer i huset, er det begrensa kva dei får tid til av utfukter i kvardagen.

Ho er styrar i ein barnehage og ektefellen Bjarte er sivilingeniør, og dei er vel etablerte i Haugesund etter såpass mange år.

— Vi har alltid sagt at vi skulle tilbake til regionen på eitt eller anna tidspunkt. Målet var å bu i Oslo i ein periode og slik vart det, seier Bjarte Hvidsten.

Han fekk seg jobb i Haugaland Kraft og dermed var Haugesund ein grei tilbakekomst til regionen. Seinare vart det Aibel der han har vore i ti år no.

Til utdanning og arbeid

Han utdanna seg i Porsgrunn og Trondheim, og ho på Stord. Iren har også budd i Stavanger, og altså Oslo som nest siste stoppestad, før dei ville nærmare familie vest for Langfjella.

Iren har også flytta tidlegare sidan familien kom til Etne fra Ballangen i Nordland då ho var 14 år gammal. Dei er tre søsken og to har flytta ut. Bjarte har foreldre og ein bror som bur i Ølen.

I dag er husprisane i Oslo eit stort hinder spesielt for dei som ikkje har eigg husvære før. Men for 15 år sidan var bustadmarknaden også ein liten del av ekteparet sine vurderingar.

— Vi ville kjøpe noko større, men då måtte vi ut av byen, og då vart det flytting uansett. Sidan vi fekk jobb i Haugesund begge to, var valet enkelt, fortel ho.

Bjarte seier han ikkje var ferdig med å bu i by, og han blir av og til påminna av andre familiemedlemmer ung noko han proklamerte i ung alder.

VINDAFJORD

Flytterekeskap med nokre stader/kommunar i perioden 2000-2019


Utlanet	+ 1034
Etne	+ 28
Haugesund	- 340
Stavanger	- 150
Bergen	- 129
Tysvær	- 113
Oslo	- 110
Sveio	- 37
Karmøy	- 35
Sandnes	- 16

ETNE

Flytterekeskap med nokre stader/kommunar i perioden 2000-2019

Utlanet	+ 437
Odda	+ 19
Bergen	- 110
Haugesund	- 106
Stord	- 43
Stavanger	- 38
Oslo	- 31
Vindafjord	- 28
Karmøy	- 20
Kvinnerud	- 2

KJELDE: STATISTISK SENTRALBYRÅ



Heilt frå starten var planen å kome tilbake til regionen igjen for Iren dei har budd i snart 15 år.

— Eg sa at eg aldri skulle flytte til by eller arbeide på kontor. Men det vart begge delar.

Fellesskap i Haugesund

Haugesund er absolutt eit trekkplaster, og er den staden flest vindafjordingar har flytta til. I perioden 2000-2019 skifta 1.180 bustadadresse frå Vindafjord til Haugesund, og 840 kom inn til kommunen frå sildebyen, viser ein oversikt Statistisk sentralbyrå har skaffa fram.

Etne har også betydeleg utveksling med byen i vest, men i litt mindre grad enn Vindafjord.

Ekteparet Hvidsten har tenkt å bli i Haugesund der dei har funne seg godt til rette.

— Ja, vi blir verande Haugesund. Vi har venner her, blant anna frå Etne, Ølen og Sandeid, og nokon er barndomsvenner. Vi har relativt kort veg inn til sentrum av byen og har funne oss til rette. Og vi kan ta turen innover når det passar, eg kører til Etne i klubb med barndomsvenninner, fortel Iren Hvidsten.

— For min del er det fleire barndomsvenner som ikkje bur i Ølen lenger, fortel han.

Men ein av dei bur nesten rett over gata på Brakahaug.

Byen meir variert

Tilrekningsskrafta byen har handlar også om mange tilbod på fleire frontar.

— Sjølv om byen ikkje er stor, har vi mange tilbod innan kultur og idrett. Sjøen er nær og det er mange turar du kan ta i marka her. Det er lett å sykle og ta buss. Dessutan kan du vere litt

*Haugesund er ikkje ein stor by, men passe stor til å få by-følelse
Bjarte Hvidsten*



Hvidsten frå Etne og Bjarte Hvidsten frå Ølen. Etter sju år i Oslo pakka ekteparet flyttelasset og slo seg ned i Haugesund der

FOTO: JON EDVARDSEN

meir anonym enn på ein mindre plass. Det er totalpakken som passar oss, meiner ho.

Saknet etter Oslo er ikkje så stort sjølv om der er endå fleire tilbod å velje i. Før og etter å få barn i huset, er to ulike ting, legg ho til. Og då passar ein mindre by betre, var det dei landa på. Men det austlandske klimaet ville ho gjerne tatt med seg til den regnfulle og tidvis vindharde kysten.

— Haugesund er ikkje ein stor by, men passer stor til å få by-følelse. Her er også mange fritidstilbod for små og store, påpeikar Bjarte Hvidsten.

Mot Vestland

Haugesund er på tredje plass på lista over kommunar etnebuen flyttar til, medan Haugesund altså er på topp for Vindafjord. Kanskje ikkje uventa er Bergen på andreplass i Etne og på sjunde plass i flytttemål for vindafjordingane.

Det er langt fleire i Etne som flyttar til Stord enn tilsvارande for Vindafjord

sin del. Det viser at Etne si draging mot Sunnhordland og hovudstaden i Vestland er større enn i Vindafjord.

Tilsvarande er Stavanger litt lenger opp på lista i Vindafjord enn i Etne, relativt sett.

Både for dei som flyttar ut og inn til dei to kommunane, er det ikkje så stor forskjell mellom menn og kvinner. Men det er ei viss overvekt av menn som kjem frå utlandet.

Er ein nabo-effekt

Det er få frå Etne som har flyttat til Tysvær og Haugesund samanlikna med Vindafjord. Relativt er det ein ganske stor forskjell på Etne og Vindafjord i å flytte vestover.

Denne forskjellen slår spesielt ut i flytttemónsteret inn og ut av Tysvær. Medan 470 har flyttat dit frå Vindafjord, er det tilsvarande talet 52 i Etne. Tysvær og Etne er nesten i balanse i flyttetal, medan 113 fleire har flyttat frå Vindafjord til Tysvær enn omvendt.

Nærmiljø og familie betyr meir for flytting

Før var jobb den vanlegaste grunnen til å flytte, men i dag er det gjerne meir for å få eit nytt nettverk og kome nærmare familie som er viktig. Og skal eit par flytte mindre sentralt, er det som oftast der den eine er frå.

— Erfaringa er at når nokon flyttar frå det sentrale og ut i distriket, så er det ikkje til ein tilfeldig stad, men der ho eller han er frå, seier Astri Syse, seniorforskar i Statistisk sentralbyrå. Ho var med i utvalet som ei stund før jul i fjor leverte ei offentleg utgreiing om demografiutfordringar i distrikta: «Det handler om Norge» (NOU 2020:15).

Den fekk brei omtale på grunn ein pessimistisk diagnose om at Noreg har ti år på seg til å skifte kurs for å unngå at landet endrar seg drastisk på grunn av sentralisering.

I tillegg hadde den ein del konkrete forslag som vekte interesse.

Familie og røter

Sentraliseringa går sin gang, både mellom landsdelar og i regionar. Av dei 356 kommunane i landet, hadde 192 nedgang i folketalet i fjor, deriblant Etne og Vindafjord, ifølgje SSB. Men bak sterke samfunnstrendar, er det menneske bak tala som har motiv og årsaker til at dei til flyttar.

— Den siste undersøkinga om flyttmotiv var i 2008, og det er ikkje gjort noko etter det. Det er behov for ny kunnskap. I det siste har det kome fram at det er nok arbeidsplassar og at det ikkje er hovudårsaka lenger til at folk flyttar, seier Syse.

Det er gjort to store undersøkingar av bu- og flyttmotiv her i landet, i 1972 og 2008. I 1972 var arbeid det mest sentrale flyttmotivet, og undersøkinga 26 år seinare viste at familieårsaker var det sterkeste flyttmotivet.

Den største forskjellen var likevel at det vart lagt sterke vekt på tilhøve knytte til stad og miljø.

Denne grunngivinga er mindre aktuell ved innflytting til storbyane, men vart heller lagt vekt på i flytting til andre regionar. Det er ikkje urbane kvalitetar som tilgang til varer og tenester eller gode kommunikasjonar som var mest framme. Men meir i retning av fysiske og sosiale tilhøve ved nærmiljøet, tilknyting til staden og identitet.

Enkelt sagt ein god stad å bu.

Arbeid i yngre livsfase

Familie, identitet, stad og bustad var blitt viktigare grunn til å flytte. Slike motiv er sterke til lenger ein kjem vekk frå storbyane.

Å flytte på grunn av arbeid er viktigare i ein yngre livsfase, og kombinert med tilgangen på urbane gode i byane, kan det forklare ein del av sentraliseringa som går sin gang.

Etter denne første fasen der arbeid er grunn til å trekke mot storbyar, overtar bustadmotivet der etablerte vil skaffe seg ein større bustad. Det gir spesielt tilflytting til omlandet til større byar.

Ferdig flytta

— Folk frå Asker flyttar ikkje til ein tilfeldig by eller stad i Nord-Noreg, men i større grad dei som har tilknyting der. Vi veit også at til lenger dei unge reiser for å ta utdanning, til mindre sjanse er det at dei kjem tilbake. Det er eksempelvis ein viktig grunn til å ha medisinutdanning i Tromsø, seier Syse.

Det er også etablert kunnskap at familiær med barn har gjort seg ferdig med hovudflyttinga før ungane startar på skulen. Med andre ord at før foreldra er 40 år, er det meir eller mindre bestemt kvar dei skal slå seg ned.

Det er relativt høg flytting blant barn som er under seks år, og mindre blant eldre barn, ifølgje seniorforskaren.



Astri Syse, seniorforskar i Statistisk sentralbyrå.

FOTO: SSB

Denne saka er ein del av «Den store folkevandringa», eit samarbeidsprosjekt mellom lokalaviser organisert i Landslaget for lokalaviser (LLA), Senter for underøkende journalistikk (SUJO) og NRK.



Tok jobben med heim

Først hus på Klepp, så leilegheit i Stavanger, og i heimekontoret sin tidsalder har Sandra og Tore Skogen flytta til fritidshuset i Åmsosen. Der er dei så ofte likevel.

JON EDVARDSEN

På vårparten i fjor gjorde dei husværet på Forus til pendlarleilegheit, og fekk fast adresse i huset i Åmsosen. Det er fire år sidan dei bygde huset i Vats på eit lite småbruk rett ved Åmselva.

Då bestemte dei seg for å selje huset i sør-fylket og heller skaffe seg ein leilegheit der. Paret har dermed snudd på det og bestemt seg for at Vindafjord er hovudbasen for framtida.

Lofoten til Vats

— Vats er fantastisk og eg storlivest med folk og klima. Det er å kome tilbake til naturen. Sjølv om det er landsbygda, er det ikkje langt verken til Haugesund eller Stavanger, seier Sandra Skogen (51).

Ho er frå Leknes i Lofoten og der er det ikkje langt verken til fjorden eller storhavet. Difor er ho glad for å sjå fjorden igjen i Vats, og å kunne bruke den.

— Planen har alltid vore å flytte tilbake til Vats på eitt eller anna tidspunkt. Men på grunn av situasjonen med pandemien der det er blitt meir fleksibel kor ein kan jobbe frå, er flyttinga blitt skoten fram i tid. Tidlegare tenkte vi på pensjonsalderen, men no blir det også i meir aktive år. Vi stor-kosar oss, seier Tore Skogen (53).

Han er oppvaksen i Vats og har kjende frå før, medan ho har fått det over tid.

Begge i oljeservice

Huset står framme på kanten, og under er bakken ned til elva som markerer ei grense for det vesle småbruket. Det har også ei løe og eit uthus der dei har laga eit lite røykeri på utsida.

— Vi kan ha heimekontor også i framtida, og vi har fått opning for å arbeide tre dagar på Forus og to dagar her i Vats. Det blir ei grei ordning, og arbeidsgivar har fått erfare at det fungerer, seier Sandra Skogen.

Begge jobbar i oljeservicebedrifter, ho i Technip og han i Emerson. Dei har hatt arbeid i Stavanger-området over tid, og det var der dei kom saman og gifta seg for 12 år sidan.

— Eg har vore på flytgefot sidan eg var 16 år, seier Tore Skogen som har tatt nokre kryssingar før det no er blitt Vats.

Sandra Skogen har flytta fire gonger; først til studiar i Bodø, deretter Oslo, så jobb i Stavanger før ho i fjor var med på det felles flyttelasset til Åmsosen.

— Som ung, såg eg nok for meg at eg skulle tilbake til Lofoten. Men først skulle eg ut og studere. Jobb var hovudårsaka til at eg reiste til Stavanger og vart der, seier ho.

Over Boknafjorden

Begge er friluftsinteresserte, og dei tar for seg av det fjord og fjell kan tilby av fangst. Han har nettopp vore på fjorden og trekt teine, og ei lange blir offer for kniven før den får ein porasjon salt. Tore Skogen er ekstra interessert i dette feltet, og er svært aktiv i Vindafjord jakt- og fiskelag.

Han tok først ut frå Vats til skulegang i Haugesund etter ungdomsskulen, og deretter til Kalhammen i Stavanger der automasjon var fagområdet.

Seinare fekk han seg jobb hos Hatteland Instruments i heimbygda der han var til 1995.

Deretter starta han sitt eige selskap med tenester for å skanne inn dokument elektronisk, men seinare døde behovet for eit slikt tilbod ut.

— Eg hoppa over i olja i 2006, og der har eg vore sidan, seier han.

Var ein magnet

Ekteparet Skogen har i alle år vore dradd mot heimtraktene hans som er ein relativt kort biltur frå Stavanger. Naturen i nærmiljøet er nesten som ein magnet for dei, slik han formulerer det.

— Vi har reist hit heile tida, og over halvparten av helgene. Vi var på besøk eller med bobil før vi bygde hytta, fortel ho.

Huset var innflyttingsklart til jul 2017 og alt var klart til å ta steget som kom tre år seinare.

— På sikt kan vi vurdere å ta lokale jobbar, men med ordninga vi har fått med arbeidsdagar heime, er det ikkje problem å jobbe i Stavanger, seier han.

— Kvaliteten med å bu slik er avgjerande. Dersom vil skulle bu i eit felt, kunne vi like godt bli på Forus. Åmsosen er ikkje akkurat verdas navle, men eg trur mange søker etter kvalitetar som vi får her. Kort veg til sjøen og til jakt oppe i lia, legg han til.

Åmsosen mista butikken for ein del år sidan, men han synest ikkje det er så ille å bruke sju minutt i bil til Coop på Knapphus eller tolv minutt til Ølen.

Utan tvil er Åmsosen ganske stille, og han meiner det ville vere flott om det oppstod eit møtepunkt der fleire samlast.





Etter å ha brukt nesten all fritid i Åmsosen, bestemte ekteparet Tore og Sandra Skogen seg for å skifte adresse frå Forus til huset i Vats. Pandemien med opning for heimekontor har gjort det enklare å ta denne avgjerdna på eit tidlegare tidspunkt enn planlagt. Leilegheita i Stavanger skal dei halde på.

FOTO: JON EDVARDSEN

Folketal 1990 - 2021

Befolknings per 1. januar



KJELDE: STATISTISK SENTRALBYRÅ